

Storeggfiske i Haram

Av Olaf Fjørtoft

I dei fleste utgreiingar om bankfiske i Møre og Romsdal står det at det var svenske fiskarar som oppdaga Storegga andre gongen, etter at vegen det hadde gått i gløyme. Ja, det har endå til vore skrive at svenskane var dei verkelege oppdagarane av Storegga, og at det var dei som lærde nordmennene å fiske der. Dette er feil framstilling, og ligg heilt utanom dei verkelege kjensgjerningar. Sanninga er tvert imot det at i Haram har det vore drive fiske på Storegga i ein samanhengande tidsbolk utan noko påviseleg avbrot på omkring 300 år. Frå alle Haramsøyane og ytre Romsdal med har sunmørsåttringen, möringsbåten, småskøyta, dekksbåten og motorbåten siglt eggavegen i stille og storm i medbørs og motbørs tider. Stundom bar vel båten heim til lands snaut nok meir enn til ei knappvoren livberging, men ofte og ei god forteneste. Som kvar gong kom sårt væl med.

Tradisjonen om Storeggfiske i Haram går attende til 1630-talet, og denne tradisjonen fortel at det var Haramsbonden og fiskaren Tomas Longva som fann Storegga. Det hende truleg omkring 1630. Han døydde i 1681. Den eldste skrivne kjelda ein har om dette, er Søndmøre beskrivelse av Hans Strøm. Her fortel Strøm om Tomas Longva det som gamle truverdige menn hadde fortalt han. På grunnlag av dei overleveringane som då låg til rettes for Strøm, gjer han Tomas Longva til "oppfinder av det fordelagtige fiskeri på Storeggen". Det låg ikkje meir enn 100 år attende frå Strøms eiga samtid, så han skulde ha eit bra trygt grunnlag å byggja på. Og ingen har funne grunn til å motseie Strøm heller.

Slik Strøm heldt det mest sannsynleg, skulde det vere ei tett skodde som var årsak i at Tomas Longva kom ut av kurs, slik at det bar lenger til havs med han, og at han så på den måten ved eit reint slumpehøve kom til å oppdage denne fiskerike banken som fekk namnet Storegga. Denne framstillinga har likevel liten grunn for seg. Dei gamle Haramsfiskarane som var vane å ferdast på opne havet året rundt, var ikkje so dårlege sjøfolk at dei slik tulla seg bort i skodde og kom på vidotta endå om ein ikkje veit med rette om

kompaset var kome i bruk på fiskebåten den tida. Nei, det er nok andre grunnar som har meir for seg, og som helst peikar i den lei at det låg ein gjennomtenkt plan bak det heile. Tomas Longva var sikkert med overlegg ute på leiting etter nye fiskegrunnar.

Den fyrste halvdel av det 17. hundreåret var ei tung tid for øyfolket. Torskefisket var mislukka lange bolkar, og samstundes ser det ut til at sumarfisket etter longe var svært smått på alle kjende fiskeplassar ute på grunna. Heile grunnmarka frå landmeen og utover til stordjupet var ei velkjend og stendig brukt fiskemark om sumrane. Det ser ut til at yste stordjuprøra var yste grensa for det kjende bruksområde av fiskehavet ut for Haram. Stadnamn på fiskehelda der ute tyder på det. Der er såleis stadnamn: Dyste og Flemsystemen. Når so mykje tyder på at longehelda heilt dit ut såg ut til vera fisketome den tida, er det alt som taler for at Tomas Longva drog på leiting lenger til havs og prøvde seg fram ut over det vide flaket som går frå stordjupet og ut til eggarøra. Her fann han so til slutt eggabakken med ein fiskebing so full som ingen hadde drømt om.

I denne fiskebingen fann Tomas Longva livsens berging for seg og sine fyrst, og straks etter for sambygdingane sine. Men ikkje berre det. Storegga vart for ettertida ei årviss og god innkomekjelde så sant veret var slik at ein med sunnmørsottringen torde våga den 8-12 mil lange sjøvegen dit ut. Det kan og tenkjast at Tomas Longva hadde vore i ein aldri så liten kontakt med Hollandske fiskarar eller hadde høyrte gjete dette, for vi veit at Hollendarar dreiv fiske oppe under norskekysten i det 16.-17. hundreåret, og dei brukte line til dette fisket. Det er nokså truleg at dei visste om Storegga og fiska der til sine tider. Det kan og vere at segna om Havbruna dei eventyrlege fiskeåra ein stad vest i havet - hadde spela ei viss rolle då Tomas Longva la ut på leiting. Andre hadde testa før, men det var han som likevel fann ho.

Det har gått ein tradisjon ned gjennom tidene at det var Skateneset Tomas Longva fyrst fann. Namnet skulde ha opphavet sitt frå eit av meda på plassen. Når dei var komne langt nok ut, skulde dei sjå så vidt ein skadd av Gangstad-aksla. Dette hadde dei som eit avstands-med attåt det vanlege retningsmedet som styremennene frå opne båtane brukte. Tinden åt nøre kanten av Skulen og Harstadmerra i

Stemshoka. Harstadmerra er Harstadfjellet i Batnfjorden på Nordmøre. Strøm har ei anna forteljing om opphavet til Skaddenes-namnet. Han hadde fått det fortalt slik at det var bonden Ole Skadde frå Gangstad som fann dette neset i Storeggrøra, og at neset få fekk namnet sitt etter han. Til dette kan ein gjera den innvending at så vidt ein veit og kan sjå, livde det ingen Ole Skadde på Gangstad den tida. Noko meir å byggja på om opphavet til dette namnet har ein ikkje. Etter kvart vart så dei andre plassane på Storegga kjende og namnfeste: Sørmannsneset, Brattegga, Fjørtoftneset, Hola, Bugta, Steinmaren og Norenga, og Nyegga frå nyare tid.

Tomas Longva fekk bygd seg ei skute, fortel Hans Strøm. Denne var so stor at han stelte fisken om bord. Han dreiv såleis reint rasjonelt. Dette kan tyda på at han hadde kjennskap til Hollendarane. Om denne skuta var bygd med heildekk eller berre med skut-dekk, dekk framme og atte men elles open, er det ikkje nemnd noko om. Men det var sannsynleg at det var ein større farkost enn sunnmørsåttringen. Likevel er det ikkje noko som taler for at andre i Haram rådde seg til liknande farkost. Det stod vel i utkoma kanskje å kosta slike dyre båtar berre til sumarfiske. Det var sunnmørsåttringen som vart eggabåten like til slutten av det 19de hundreåret. Det kan og vera sannsynleg at dei sume stader bruka tendringen – den største opnebåt-typen på Storegg-fiske.

Skriftlege kjelder om storeggfiske i Haram før 1800 har vi mest i Søndmøre Beskrivelse og i nokre meldingar frå Søndmøre Practiske Landhuusholdningsselskap. Av desse kjeldene går det fram at det var ei intens storeggdrift på alle Haramsøyane i 1730 og ut til 1800 talet. Men alt tyder på at det hadde vore jamn drift før 1730 og. Om Storeggfisket seier Strøm: "Dette fiske drives kun af indbyggerne i Haram på Storeggen – Det er bekiendt at dette slags fiskerie har gjort nordøenes beboere rige og velholdne". Han reknar at det gav kvar mann som var med ei innkome på 30 til 40 rdl om året. Det vil etter pengeverdet i 1939 svara til frå 1000 til 1500 kroner. Ein får elles det inntrykk at det må ha vore ein lenger bolk med sjeldan godt ver om sumrane når dei med sunnmørsåttringen gjorde opp til 12 eggaturar for året.

Korleis gjekk så storeggfisket for seg så langt attende ein har sikre fråsegner å byggja på? Det fyrste som då bør nemnast i samband med dette, er den sereigne driftsmåten

som no er gått ut. På kvar av hovudgardane i Haram var Storegg-fisket i stor mon ei sambruksdrift med eit visst kollektivt innslag. Alle tuna på kvar gard var i lag om drifta og bytte fangsten likt. Når tida kom om våren, budde dei med mannskap og utreidnad 1 til 3 åttringar. "Etter talet på tuna på gardane". Kwart båtmannskap fiska sjølv sagt kvar for seg men fangsten ihoplagt vart likevel bytt liggt mellom kvart tun. Det fisketalet som såleis fall på kvart tun verka dei og turka kvar for seg og selde det ferdige produktet for det den einskilde kunde oppnå. Levra derimot gjekk dei saman om og brende ho til lyse som dei selde under eitt, og bytte pengane.

Kva tid denne sambruksdrifta gjekk ut på kvar einskild gard, kan ikkje seiast for visst, men på Ulla stod ho ved lag så lenge opnebåten var i bruk til ut i 1890-åra. Straks vårvinna var unnagjord, tok førebuinga til. Dei flota åttringen og ettersåg rigg og all utreidnad. Eggabåten rigga dei vanleg med to mastrer, svært ofte og med tre. Stormastra stod på den vanlege plassen sin. Men ved baktofta reiste dei ei treroringsmaster med eit treroringssegl. No kunde det bli til det at båten med dette fekk for lite framsegl. Dette retta dei på med og reisa ei færingsmaster framme forstova. Men skulde dei få penta dette seglet nok fram, laut dei festa ei stong fram for stamnen noko som likna klyverbommen til latinriggen. Denne seglføringa var for å kunna nytta ut på beste måten vendgræla på godversdagar. Vart det frisk vind, tok dei ned dei to mastrene og brukte berre den vanlege riggen.

Utreidnaden var einfeld nok. Fyrst rikeleg med siglestein og sterke sigletre fleire auskjer og naudsynt verkty. Til å tørna båten etter om det trongst tok dei med kraken og 200 famner sterkt framtog. Etter 1786 vart det nokså vanleg at dei sette inn ei serskild tofte to fot fram for kjempetofta. Mellom desse to toftene var det plass for ei halvtynne vatn og to tomtynner til å ha levra i. Dette vart gjennomført etter opptak frå Romsdal Practiske Landhuusholdningsselskap. Av utstyr elles tok dei med to gryter. I den eine gryta gjorde dei opp varme, og i den andre koka dei fisk. Nista elles sytte kvar mann seg. Det var byggkake, flatbrød, smør og spekekjøtt i eigne bommer. Men flesk måtte dei endeleg ikkje ha med. Kom det ombord i båten aldri so lite av noko som minte om gris fekk dei utur, trudde dei. Kosten var såleis einfeld nok. Det var turmat og

fisk. Til drikke omframt vasstynna hadde kvar mann med ein dall syrebelde. Endeleg måtte dei ikkje gløyma å ta med bevergjell. Det heldt sjøormen borte, sa dei så han ikkje torde gjera åtak på båten.

Fiskevegna var berre snøre djupssokn. Lina kom ikkje i bruk som eggavegn før ut i 1880-åra. Det laut godver til på eggaturen. Difor drøfta dei nøye vervonene framføre åt. Nokre faste merke hadde dei som regel til fyrste turen. Såleis hadde dei på Fjørtoft og Skuløy og Harøya den regelen at dei måtte ikkje reise på Storegga før Skulekuna hadde kalva tredje kalven. Skulekuna er snøbredden som legg seg på nordkanten av Skulefjellet. Tryggaste veret var nordegta, eller lett austadrag. I morgonbrisen la dei ut frå land, sette alle segl til og stemde til havs. Dersom kjøla varde ved, skaut åttringen god fart og kunde i beste fall greie eggavegen på 6-7 timar. Men kom det vindstille og det hende ofte, var det ikkje anna å gjera enn ta ned segl og mastrer og leggja seg på årane. Enno lever det i Haram åttringar som har vore med og rodd eggavegen heilt fram utan anna kvild enn ei lita matykt eller to. Men så greidde dei og vegen på 8-10 timar, kva prestasjon dette var for armar og bryst og resignert tolmod det kan notida ha noko forestilling om.

Til ein Storeggtur rekna dei at det gjekk 3 til 4 dagar. Eit og eit halvt til to døger var nok til å fiske last i båten når veret var godt. Straks dei kom fram og fekk leitt opp fiskerøra og fann besteknekkjarflekken, gjaldt det å drive på med ein vann. Alle snøra gjekk til botnar og straks det beit var armstålet einaste dragkrafta. Og fyrste halve djupna var tung å hale for både den store drutesteinen og storlonga tyngde hardt, men når det bar opp til 50 famnar djupne, då letna det. Då skaut longa magen og flotna opp av seg sjølv, knekkjarmatet kalla dei dette. Då tok dei gjerne fram pipa og eldtyet og fekk seg ein røyk. Sidan var det lett og hala inn resten av snøre og kleppa longa over ripa. Så var det å skifte beite, egna og kasta ut att.

Vart dei svoltne, la dei byggkaka på tofta og tok ein bit av ho når det best høvde. Søvn var det lite snakk om. Det kunde vera at dei unte seg ein dubb under seglet dimmaste natt. Den stunda låg båten tørna etter kraken. Fyrst når dei hadde fått full farm i båten, tok dei seg ei lenger kvileykt. Då kveikte dei opp i eldgryta og hengde fiskegryta over. Nykøkt kveite smaka

nok godt då. Dei reiste mastrene, vatt segla og sette stemneleia mot land. Vel heimkomne bytte dei fisken og la båten i utfaret. Kvart tun laut så stella sin fiskelut. Longa vart i eldste tida opphengd til råskjer, men etter 1756 vart ho tilverka både til turrfisk og klippfisk. Noko av ho vart elles salta i tunnor og omsett på Romsdals marknad. Av kveita laga dei rekling og rav. Reklingen var god handelsvare. Ravet brukte dei mest heime til suvl.

Det var ikkje alltid eggavegen snudde godverssida til. Mang ein gong kom dei harde sør eller sørvestfloingar. Då laut kvar mann halda sitt og styremannen fekk røynd sjømannskapen sin. Det vart ofte siglingar som gjekk på livet laus. Verst var det for dei som fekk heim leia inn over Fjørtoftgrynna. Her er det mange grunnskoltar og rører der dei lagar seg stygt oppøse og farleg straum sjø og skavl i slike flobyer. Kom dei seg fyrst innom grynstreina, rekna dei seg berga. Det var og dei gonger dei slett ikkje såg å halda innover grynna. I staden heldt dei nedom og tok land lenger nord. Det hende og at dei kom ut for så harde flobyer at det var uråd og halda opp mot vinden. Båten vilde ikkje vaka. Einaste bergingsvona då var å lense unna og freista ta land kvar det så fall. Det har gått fråsegn om at Haramsbåtar i slike siglingar berga seg til lands fyrst nord ved Halten. Og det gjekk 2 veker før dei kom seg heimatt og heime hadde dei syrgt dei av. Likevel er det merkeleg kor lite sjøulukker det i røynda fylde med eggafisket. Det er meir sjeldan ein finn nemnt om åttringar som kom bort på eggavegen. Største sjøvådane var i torskefiskja.